



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Unn Jenny Utne Kvam /
55516243

Vår referanse:
16/29467-1


Dykkar referanse:

Vår dato:
09.03.2016

Skisse til endra avkøyrslle – gnr. 172 bnr. 197 – Lindås kommune

Vi viser til vårt brev datert 30.09.2015, innmålingsdata mottekne 07.01.2016 og øvrig korrespondanse i saka.

Saka gjeld utvida bruk av avkøyrslle i samband med søknad om oppføring av einebustad og garasje. Avkøyrslle er regulert i Lindås kommune sin plan for Seim skule med utbetring av fv 402 (plan ID 1263-201007).



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan. Aktuell avkøyrslle er ringa inn i raudt.

Avkøyrslle slik den ligg i dag er ikkje i samsvar med reguleringsplanen. Etablering av ei avkøyrslle i samsvar med plan føreset at køyrebanen i fylkesvegen vert sideforskyvd nordover. Dette er eit omfattande tiltak som truleg vil vere knytt til ei utbetring av ein større del av fylkesveganlegget.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Med bakgrunn i synfaring 17.09.2015 og seinare korrespondanse med kommunen, har vi utarbeida ei skisse til korleis avkøyrsla kan utbetrast med utgangspunkt i fylkesvegen slik den ligg i dag. Etter Statens vegvesen si vurdering er det behov for å stramme opp avkøyrsla og tydeleg definere eit kryssingspunkt for gåande langs vegen. Det er behov for å leie gåande, mellom anna skuleborn, trygt gjennom avkøyrslleområdet. Ei oppstramming som skissert vil også legge til rette for eit meir trafikksikkert køyremønster for køyretøy som skal inn og ut av avkøyrsla.



Foto frå synfaring 17.09.2016.

Nedanfor er ei skisse til korleis avkøyrsla kan avgrensast i vest, der det i dag er eit utflytande areal med køyrevog, vegskulder og lagerområde. Skissa tek utgangspunkt i at avkøyrsla vert avgrensa med eit fortau som vert ført forbi avkøyrsla som ligg på motsett side av vegen. Skissa er utarbeida med utgangspunkt i lastebil som dimensjonerande køyretøy.



Skisse til utbetra avkøyrslle tilpassa fylkesvegen slik den ligg i dag. Grøne liner er innmålt nytt fortau. Rosa liner er framlegg til nytt fortau og svingradius innover i avkøyrsla.

Vidare saksgang

Når det gjeld vidare saksgang, formulerte vi oss noko uklart i brev datert 30.09.2015. Då saka gjeld endring av ei regulert avkøyrsla, er det kommunen som planstyresmakt som kan fatte vedtak om endring av planen, eventuelt om dispensasjon frå planen. Statens vegvesen si rolle i slike saker er å uttale seg til eventuelle endringsframlegg, samt å følgje opp den tekniske utforminga av avkøyrsla på byggeplannivå (jamfør veglova §§ 40–43).

Statens vegvesen føreset at det i eventuell planendring eller dispensasjon når det gjeld avkøyrsløysinga i denne saka vert sett vilkår om at ein gjennomføringsavtale/byggeplan for utbetring av avkøyrsla og etablering av skissert fortau må vere godkjent av Statens vegvesen før slikt arbeid kan ta til. Byggeplanar i slike saker avklarar i hovudsak tekniske detaljar som ikkje inngår som del av reguleringsplanarbeid, slik som m.a. drenering og vegoppbygging.

Skissa vi har utarbeida føreligg i dwg-format. Ta gjerne kontakt med oss dersom kommunen ynskjer å få den tilsendt.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi
Ing. Taule AS, Kvassnesvegen 33, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.